



Saksmappe: 2017/1591
Sakshandsamar: SSH
Dato: 02.09.2025

Saksframlegg

Utv. Saksnr.	Utval	Møtedato
	Formannskap	
	Kommunestyret	

Veterinærvakt Setesdal

Kommunedirektørens si tilråding

Kommunestyret godkjenner å tildele kontrakt for veterinærvakttenesta i Setesdal vakt-distrikt til tre eksterne veterinærer, på dobbel sats av statens vaktgodtgjersle pr. 1.august 2025, utan tilleggskrav.

2. Kontraktane gjeld for tre år, med opsjon på forlenging i 1+1 år.

3. Bykle kommune sin del av årskostnaden, estimert til 220 000 kr, vert innarbeidd i budsjett og økonomiplan, fyrst gongen i samband med handsaminga av andre tertialrapport 2025.

Saksutgreiing:

Samandrag/konklusjon

Kommunen pliktar å ha veterinærvakt. Veterinærvakta i Setesdal er interkommunal, der Valle kommune er vertskommune. Dei har lyst ut ordninga gjennom Offentlege innkjøp i Agder (OFA). Saka omhandlar å slutte seg til ny kontrakt/ prising.

Bakgrunn for saka

Veterinærvakt er eit kommunalt ansvar.

Utdrag frå dyrehelsepersonellova:

« § 3 a. *Kommunens ansvar*

Kommunane skal sørge for tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell. Kommunane har ansvar for å organisere ei klinisk veterinærvakt utanom vanleg arbeidstid.»

Valle kommune er vertskommune for veterinærvakta i Setesdal vakt-distrikt, som omfattar Iveland, Evje og Hornes, Bygland, Valle og Bykle.

Det er store utfordringar for kommunane i distrikts-Noreg knytt til å oppretthalde ei tilfredsstillande veterinærvakt. Årsaker til dette er ein generell veterinærmangel, og at det er lite lønnsamt for veterinærar å etablere dagpraksis i næringsssvake områder med lite kundegrunnlag kontra å jobbe i ein smådyrpraksis i befolkningstette områder.

På grunn av vanskaner med å få deltakarar i veterinærvakta er det mange kommunar som har dubla vaktgodtgjersla for å trekke til seg veterinærar. Dette førar naturleg nok til at det blir enda vanskelegare å holde på veterinærar for vakt-distrikt som opererer med statens satsar.

I vinter fekk Valle kommune førespurnad frå deltakarane i vaktordninga om ei dobling av godtgjersla. I utgangspunktet så var nok administrasjonane i deltakarkommunane positive til dette, men det ville vere feil å auke betalinga midt i ein kontraktsperiode, med tanke på veterinærar som kanskje avstod å leggje inn tilbod i førre utlysing, då prisen var fast. Veterinærvakta blei difor lyst ut på ny i sommar. Denne gong med moglegheit til å leggje inn pristilbod.

Det er OFA (Offentleg fellesinnkjøp på Agder) som lyste ut veterinærvakta for Valle kommune. OFA har opplyst at namna på tilbodsgjevarane er unnateke offentlegheita inntil kontraktar er signerte.

Kommuneveterinærane i Valle/Bykle og Evje og Hornnes deltek i vakta og dekker 50% av denne. Det er ønskeleg frå både veterinærane og kommunane at vakta er minimum 4-delt, slik at vaktbelastninga ikkje blir for stor, og det er meir fleksibelt når ein har fleire veterinærar inne i systemet som ein kan spe på når noko uventa skjer.

Det kom inn 4 tilbod, 3 av desse på 100% av statens satsar, og det fjerde med 100% av statens satsar pluss ein del økonomiske tilleggskrav.

Formelt grunnlag

Føresegn om offentleg veterinærvakt

Lov om dyrehelsepersonell

Dyrevelferdslova

Økonomiske vurderingar og konsekvensar

Ei dobling av vaktgodtgjersla vil i realiteten vere ei mykje større auke i utgiftene til kommunane enn 100%. Kommunane får i dag dekt mesteparten av utgiftene gjennom stimuleringstilskot frå landbruksdirektoratet. Dette tilskotet tar utgangspunkt i statens satsar, og vil ikkje dekke auke av godtgjersla utover statens satsar. Estimert auke i årleg kostnad for heile vaktområdet er 1,1 mill. kr. Kostnaden vert delt likt mellom dei fem kommunane som er med i området.

Ein av desse eksterne veterinærane vil då dekke $\frac{1}{4}$ av vakta, mens dei 2 andre delar $\frac{1}{4}$ og tar då ein $\frac{1}{8}$ kvar. Det er avklara med dei at dei er interessera i, og ønskjer ein slik deling. Inkludert dei 2 kommunale veterinærane er det då totalt 5 veterinærar som delar på vakta, noko som etter kommunedirektørens syn må vere ein styrke, både med tanke på sjukefråvær og ferieavvikling.

Kommunedirektøren tilrår å tildele kontrakt til dei 3 veterinærane med tilbod på 100% av statens satsar pr 1.august 2025 utan tilleggskrav. Veterinærtenesta er ei lovpålagd oppgåve, og ein har strevd i fleir år no med å ha tilfredsstillande dekning.

Tilhøve til kommuneplanen

Bykle,

kommunedirektøren

Vedlegg:

Melding om vedtak blir sendt til:

Veterinærvaktordning

Dato: 2. okt 2025

Møte om forslag til veterinærvaktordning og avklåringar i samband med kommunestyresak i Bykle.

Til stade;

Veterinærer: Olav Ropstad, Andrea Flaten, Vilde Momrak, Tone Bjørgum Haugetveit, og Christian Tengs – Veterinærforeninga (på teams)

Valle kommune / vertskommunen: Magnus Berg og Knut Gunnar Brøkke Solli

Bykle kommune: Hans Blattmann og Signe Sollien Haugå

Veterinærvakt-ordninga for Setesdalsregionen

Kommunane pliktar å ha veterinærvaktordning og mange stader i Noreg får ein for tida ikkje dette til tilfredsstillande.

Ordninga som er føreslegen er veldig positiv og meir robust enn tidlegare, gjennom at det blir 4-delt vakt, med 5 deltakarar (2 frå Telemark delar ¼ og ein får difor fleire personer å spele på ved sjukdom og liknande) og meir framtidsretta for at fleire er interessert i å gå inn i slike ordningar med kvelds- og helgearbeid.

Ekstra bemanning i kalving/lammingssesong

Vaktordninga omfattar sesongtillegg med ekstra veterinær i Valle og på Evje under ammekalving og lamming fram til beiteslepp i perioden mars -juni. Valle har eigen bustad til disposisjon for veterinærvakta – litt ulikt kor mykje den blir nytta – og det er ikkje pliktig oppmøtestad i ordninga utover at dei skal vere i nærleiken av vaktområdet (regionen frå Iveland til og med Bykle)

Reisekostnader:

Bonden dekkjer i utgangspunktet reiseutgifter til veterinærreiser. Staten, ved landbruksdirektoratet, har innført skyssrefusjonsordning for veterinærreiser – der veterinær får dekt reisekostnader over første 20 km – slik at bonden ikkje vanlegvis blir fakturert utover reiseutgifter opp til 20 km tur/retur ved veterinærbesøk til produksjonsdyr

[Forskrift om tilskudd til veterinærreiser – kommentarer til regelverk - Landbruksdirektoratet](#)

Valle har i tillegg lokal ordning der dei dekkjer mellomverande utover 5 km.

Honorar / konsultasjonar og reise er ikkje likt mellom veterinærer i vaktordninga - då det ikkje er lov med takstsamarbeid. Det kan difor vere noe ulikt om reisetid blir fakturert til bonden.

Ordninga med skyssrefusjon medfører at bønder som bor langt frå veterinærkontoret fakturerast om lag det same som bønder som bor nær veterinærkontoret for reisekostnader ved veterinærbesøk

Honorar / konsultasjonar:

Det er einingstakst for vanlege konsultasjonar. Konsultasjonar med komplikasjonar (meirarbeid) blir i tillegg fakturert med timetakst for timer utover vanleg rate.

Omfang på konsultasjonar i vaktordning – kveld og helg , Bykle

Omfang uttrykking for oppdrag på kveld / helg i Bykle er særst usikkert pga at lokal veterinær har rykka ut både i og utanom vakt.

Ref. SSH